

Tanum menighetsråd 2023

Referat

Møtestad:	Tunheim
Møtedato:	Tysdag 24.01.2023
Tid:	Kl. 18.00 –20.45
Sakliste nr:	01/2023
Tilstades:	Erling Sølvik, Marit Kobro, Ragni Haga, Berit Moe, Odd Bjørneby, Kari Espelid, Sissel Erene Tindeland, Tor Jakob Lepperød. Forfall: Tore Hummelvoll, Elisabet Romøren, Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle.

Ny sak 06/2023: Søknad frå Sportskapellet om økonomisk stønad.

Sak 01 / 2023: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 18.01.2023
- Referat frå møtet 13.12.2022. To personar til å underskrive referatet: Erling og Ragni

Vedtak: Innkalling / sakliste og referatet godkjennest.

Sak 02 / 2023: Meldingar, referat- og info.-saker

- Informasjon frå kyrkjeverga:
Temperaturen vil bli 18 grader i alle seremonirom framover for å spare straum.
Ansvarlege for TV-serien om Wisting har vore på befarung i Tanum kyrkje med tanke på filmopptak.
Orienteringsmøte for mr-leiarar 16.02. hjå kyrkjeverga om kyrkjevalet til hausten, Marit deltek.
Kyrkjjetenar/fagarbeidar Unni Lindhjem går av med pensjon til hausten, siste arbeidsdag 31. okt.
- Felles menighetsråd Tanum og Kjose, søknad sendt.
- Liste over opning og kaffe/bevertning.
- Vårprogrammet 2023 frå Tanum KFUK/M ferdig og sendt ut.
- Tanum menighetsråd har vakt på Sportskapellet søndag 12. mars. Erling andakt, Tor Inge Romøren spelar, Kari leier, Berit og Elisabet blir også med.

Vedtak: Vi tek info.-sakene til orientering.

Sak 03 / 2023: Budsjett 2023

Forslaget til budsjett vart presentert i møtet.

Vedtak: Vi tek forslaget til budsjett for 2023 til orientering og behandlar det ferdig i februar møtet.

Sak 04 / 2023: Mål og aktivitetar for 2023

Vi drøfta mål og ambisjonar og kva grupper vi vil prioritere, samt finansiering (Anders Jahres fond?, eigne tiltak?)

- Diakoniplan?
- Eldrelunjsj?
- Menighetsfest?
- Konfirmantar?
- Dåpsfamiliar?
- Samarbeid med Tunheim?
- Samtalegrupper?

Berit orienterte frå HEL-konferansen ho var på i Kristiansand.
Vi har bare kr 8000 i frie middel på heile budsjettet, under diakoni.

Vedtak: Vi ynskjer forutsigbarhet og vil jobbe vidare med desse tre satsingsområda i 2023:

1. Laga ein diakoniplan.
2. At deltakinga av konfirmantar i gudstenestene og kyrkjekaffe ved konfirmantforeldre kan støttast og utviklast på ein inkluderande måte. Samarbeid med prest Tore og kateket Bente viktig på begge desse områda.
3. Få på plass økonomi for julelunsj for eldre.

Sak 05 / 2023: Valg 2023, 10.-11. sept.

1. Valglista til menighetsrådsvalget skal vera ferdig innan 31. mars.
2. Rekruttering til nytt menighetsråd.
3. Etablering av nominasjonskomité.

Vedtak: Erling, Odd og Tor Jakob utgjer nominasjonskomitéen, men vi skal kvar enkelt prøve å finne kandidatar å spørja om å sitja i eit nytt menighetsråd (6 medlemmer og 5 vara).

Sak 06 / 2023 Søknad frå Sportskapellet om økonomisk stønad

I fylgje budsjettforslaget løyver vi kr 2000 til Sportskapellet.